SETESDAL NÆRINGSFOND

BYKLE - VALLE - BYGLAND - EVJE & HORNNES - IVELAND

VILKÅR FOR UTBETALING AV TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET

Desse vilkåra gjeld ikkje for investeringstilskot.

For å få utbetalt tilskotet må de take kontakt med sekretariatet for fondet.
Naudsynt dokumentasjon gjeng fram av dette skrivet.

1) Tilskot til planlegging og undersøking, marknadsføring, marknadsundersøking, produktutvikling, bedriftsutvikling og flytting:

   - Skriftleg rapport som gjer greie for gjennomføringa av prosjektet og de resultata ein ventar prosjektet kan få for verksemda.

   - Revisorstadfesta prosjektrekneskap og finansiering som kan samanliknast med planane som ligg til grunn for tilseiinga. For ikkje-rekneskapspliktige verksemder er det tilstrekkeleg med årsrekneskap/sjølvmelding.

   I tillegg gjeld særskilte vilkår som går fram av kvart einskild vedtak.

2) Andre typer tilskot.

   Vilkåra under pkt. 1 gjeld så langt desse høver.
   Vilkåra ellers vil gå fram av det einskilde vedtaket.

3) Tilseiinga fell vekk dersom De ikkje har bede om utbetaling innan 1 år etter tilseiingsdato.

Rett utskrift,

01. september 1994

Per Storetvedt
Dagleg leiar